



Sentrale medlemmer i Humlepungen Bryggjarlag. F.v: Kjell Magne Haugland, Kjell Tungesik og Bjarne Lilleaas (Arkivfoto).

Tidleg laurdag morgon rauk det frå pipa på Dønhaug. Humlepungen Bryggjarlag var klar for brygging av juleølet. Starten var faktisk for 22 år sidan, i eldhuset på bruk nr. 9 på Myklebust. Ole Jakob Albrethson frå Omvikdalen var med som instruktør. Seinare har bryggjarlaget vore aktive med fleire bryggingar kvart år. Bryggjarlaget i Uskedalen held seg til folketradisjonen med brygging som ein del av førebuinga til jul.

Etter den kalde oppstarten på Myklebust der vatnet fraus, vart Magne Huglen sitt tun på Dønhaug plassen, slik det har vore i alle år fram til i dag. Det heile starta med 6 menn. Seinare har det kome til nye medlemmer.

Humlepungen Bryggjarlag med eigne vedtekter gjorde eit pionerarbeid med å ta oppatt ein lang tradisjon med brygging. No er brygging ein hobby for mange. Med godt utstyr i lukka anlegg er ein mest sikker på å få godt øl. I Humlepungen Bryggjarlag vert alt gjort på gamlemåten med mellom anna 150 liter i kjelen over open eld i grua.

Brygging er alltid ein sjansespel, men med åra har ein kome fram til langt betre kvalitet på ølet. Det har klar samanheng med auka kunnskap, betre reingjering og rett bruk av gjær og oksygen. Tidlegare bryggerimeister i Valdemars i Bergen, Robert Smidt Hald, har vore rettleiar.

I denne veka står brygget til gjæring. Økslevekta er nede på 20. Det er noko høgt og før opptapping må gjæren bunnfalle. Difor må brygget tilførast kulde. Går alt etter planen er juleølet klart for opptapping om nokre veker.

På slutten av bryggedagen var det sosialt samvære der tidlegare medlemmer Reidar Myklebust og Kristian Bringedal var inviterte. Det vart ei gild stund med mykje mimring frå starten for 22 år sidan og fram til i dag, ikkje

minst minne frå dei mange studieturane ut i Europa til store bryggeri og til minibryggeri.



Bryggjing på gamlemåten med stor kjele over open eld.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kjell Magne Haugland/ Ragnvald Myklebust